



Arkivsak

25/04924-1

Saksbehandler

Marianne Follaug

Saksgang

Yrkesopplæringsnemnda

Partssammensatt utvalg

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Møtedato

02.04.2025

01.04.2025

01.04.2025

10.04.2025

Justering av skuletilbudet 2025/ 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Forslaget til justering av skuletilbudet for 2025/2026 blir vedteke som beskrive i saka.

Bakgrunn og saksgang

Skuletilbudet for 2025-2026 vart vedteke av fylkestinget 10. desember 2024 i sak 147/24. På grunnlag av dette tilbudet har elevane søkt om skuleplass, og det er no gjort testinntak som har plassert søkjarane i samsvar med inntaksforskrifta som vart vedteken av fylkestinget i same møte, sak 148/24. Sidan søkjarane har fordelt seg noko annleis enn i det planlagde tilbudet, er det nødvendig å justere tilbudet slik at flest mogleg får oppfylt ønska sine og slik at ressursane blir brukte best mogleg.

Etter fristen for å søkje vidaregåande opplæring 1. mars, har fylkesdirektøren gjennomført ein prosess med justeringar, fleire testinntak og dialogrundar med skulane, dei tillitsvalde og i nokre tilfelle representantar frå næringslivet.

Saka vart drøfta med dei fylkestillitsvalde 14. mars 2025. Dei fylkestillitsvalde støtta forslag til justeringar

Partssammensatt utval, Telemark ungdomsråd og yrkesopplæringsnemnda uttaler seg i saka. Endeleg vedtak blir gjort av hovudutvalet for utdanning, folkehelse og tannhelse.

Saksopplysningar

Vel 6000 har søkt vidaregåande opplæring for skuleåret 2025-2026. Det er ikkje heilt samsvar med det vedtekne tilbudet, og fylkesdirektøren foreslår derfor endringar slik det kjem fram av saka. Bakgrunnen for forslaget er prinsipp og retningslinjer for utforming av skuletilbudet, desse var også grunnlaget for behandlinga av skuletilbodssaka hausten 2024 -sjå den saka for detaljer om desse prinsippa (fylkestinget sak 147/24).

Dei justeringane som gjer at planlagde tilbod ikkje blir starta opp, eller som fører til endring av talet på klassar ved skulane, blir omtalt i saka. Mindre endringar i talet på plassar som berre er praktiske tilpassingar til søkjartal, blir ikkje omtalt.

Tilbod til elevar som får opplæring i mindre grupper og tilbod spesielt tilrettelagde for vaksne er ikkje ein del av denne justeringssaka. Vg4 Påbygg er heller ikkje med i testkøytinga.

Forslaget til justeringar og tal for søkning tek utgangspunkt i søknader som var mottekne innan fristen 1. mars. Vi tek imot søknader frå oppfølgingstenesta etter frist. I tillegg har elevane rett til å endre ønska fram til 30. april. Testinntaka som er gjennomførte baserer seg på terminkarakterar etter første termin, medan det endelege inntaket blir på standpunktkarakterar og eventuell eksamen. Det kan derfor bli nødvendig for fylkesdirektøren å gjere fleire tilpassingar fram til skulestart i august, for å sikra at alle søkjararar får ei rettferdig tildelt skuleplass i henhold til inntaksforskriftas føringar.

Når det er for få søkjarar til å starte eit tilbod, kan full opplæring i bedrift eller ulike vekslingsmodellar vere aktuelle. Elevane kan søkje læreplass direkte frå 10. trinn, eller dei kan gå ut i lære etter Vg1 i såkalla 0+4 eller 1+3-løp. Slik ordningar har vore marknadsførte for fleire fagområde, men førebels med liten respons. Fire har søkt læreplass direkte frå ungdomsskulen frå hausten 2025.

Det har dei siste åra vore ei auke i søkninga til yrkesfaglege utdanningsprogram, denne trenden held også fram i år. Per 1. mars hadde 2589 søkt Vg1, av desse hadde 1604 søkt yrkesfag og 985 studieførebuande program. Det betyr at 61 prosent av søkjarane til Vg1 har søkt yrkesfag, medan 39 prosent har søkt studieførebuande program.

Innan alle yrkesfag har det vore kandidatar som har søkt, men ikkje fått læreplass dei siste åra. Hausten 2024 var tømrrar eit nytt fag det måtte opprettast vg3 tilbod innan. Det er også i år ei tilsvarande uvisse innan bygg- og anleggsgfag og teknologi og industrifag, noko som gjer bekymring for om alle kvalifiserte som ønskjer læreplass faktisk kan formidlast etter fullført Vg2. At stadig fleire elevar innan yrkesfag har plan om påbygg, er ei anna utfordring. Dette ses tydelegast innan helse og oppvekstfaga, men også innan andre område.

Av dei studieførebuande utdanningsprogramma er det særleg studiespesialisering som har færre søkjarar enn før.

Det er viktig å sikre elevane ein god overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring. Dette overgangsarbeidet blir styrkt kommande skuleår gjennom at enkelte vidaregåande skular skal tilby ekstra individuell tilrettelagd opplæring til elevar som har mykje ufrivillig fråvær i grunnskulen. Fylkesdirektøren har gjennomført eit pilotprosjekt på Talenhuset i Skien i inneverande skuleår, jf. vedtak i hovudutvalet 13. august 2024 i sak 57/24. Denne piloten utvidast frå kommande skuleårbedt ved at Notodden, Porsgrunn og Skogmo vidaregåande skoler opprettar tilbod til dette føremålet. Dette blir gjort med bakgrunn i opplæringslova:

§ 9-6; Opplæringstilbod i overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

Fylkeskommunen skal ha eit opplæringstilbod for dei som har rett til vidaregåande opplæring etter [§ 5-1](#), men som manglar faglege eller språklege føresetnader for å delta i eller gjennomføre slik opplæring.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Når skuletilbodet skal justerast etter søkjartal, blir det teke både pedagogiske og økonomiske forhold med i vurderingane. Dei vidaregåande skulane melder no om strammare økonomiske rammer. Skuletilbodet for 2025-2026 ser ut til å medføre noko betre oppfyllinga i klassane og færre klassar med elevar under 11, dvs. «tomme» plassar. Det er spesielt gledeleg at Vest-Telemark vgs ser ut til å få auka elevtal og dermed litt betre oppfylling. Det samla talet på klassar i fylket kan i beste fall bli 1-2 færre enn skuleåret 2024-2025, noko som kan gje ei innsparing økonomisk. Ein tommelfingerregel er at ei klasse meir eller mindre utgjer ei kostnad på 1,5 millionar kroner.

Det er imidlertid fleire forhold som påverkar det endelege bildet. Ein yrkesfagelev kostar meir enn ein studieførebuande elev. Ein auke i talet på yrkesfagelevar medfører derfor auka press på den totale økonomien til vidaregåande opplæring. Det er pr. no ei uvisse om kostnader knytt til elevar som treng individuell tilrettelegging kommande skuleår. Fylkesdirektøren vil komme tilbake med ei meir presis orientering om den økonomiske situasjonen når inntaket er heilt ferdig ved skulestart.

Alle elevar får innfridd rettane sine etter opplæringslova, sjølv om justering av tilbodet kan føre til at nokon fleire ikkje får innfridd førsteønsket sitt. Elevar som har søkt tilbod som ikkje blir set i gang, blir kontakta og får høve til å velje på nytt. Ut frå den aktuelle situasjonen med mange nykomne flyktingar, er det ope for å ta imot søknader også etter dei vanlege fristane.

Konsekvenser for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Eit balansert skuletilbod som samsvarer med dei vedtekne prinsippa for dimensjonering av tilbodsstrukturen, er eit viktig verkemiddel fylkeskommunen bruker for å nå bærekraftsmål nr. 4 «God utdanning».

Fylkesdirektøren sin vurdering

Fylkesdirektøren har vurdert behovet for justering av skuletilbodet skuleåret 2025-2026 på grunnlag av det overordna målet, dei langsiktige planane og vedtekne strategiane frå fylkeskommunen. I tillegg til å vurdere søkning og behovet i samfunnet, er det i justeringane lagde vekt på at skulane skal få fylt opp klassane og dermed kunne redusere driftsutgiftene sine. Det er inga absolutt grense for kor mange søkjarar som trengst for å starte opp eit tilbod, men kvart enkelt tilfelle er vurderte ut frå pedagogiske omsyn og moglegheiter for å drive effektiv og god opplæring.

Ut frå ei samla vurdering tilrår fylkesdirektøren å justere skuletilbodet som vist i tabellen nedanfor. Generelt blir justering foreslått der det er vesentleg fleire eller færre søkjarar enn plassane i det vedtekne tilbodet. Vedlegget viser søkjarar og resultat av testinntak.

Kommentarar og grunngivingar for nokre justeringar:

Skole	Utdanningsprogram	Vedtatt	Justering
1. Bamble vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag	20 plasser	40 plasser
2. Kragerø vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag	20 plasser	30 plasser
3. Kragerø vgs	Vg2 Barn og ungdomsarbeidar	15 plasser	0 plasser
4. Porsgrunn vgs	Vg1 Studiespesialisering	120 plasser	90 plasser
5. Porsgrunn vgs	Vg1 It og medieproduksjon	32 plasser	42 plasser
6. Skien vgs	Vg1 Studiespesialisering	155 plasser	186 plasser
6. Skien vgs	Vg1 Studiespesialisering med IT	30 plasser	0 plasser
7. Skien vgs	Vg2 Service, sikkerheit og admin.	0 plasser	15 plasser
8. Hjalmar Johansen vgs	Vg2 Medier og kommunikasjon	60 plasser	33 plasser
9. Hjalmar Johansen vgs	Vg3 Påbygg	64 plasser	64 plassar
9. Porsgrunn vgs	Vg3 Påbygg	0 plassar	30 plassar
10. Nome vgs	Vg1 Naturbruk	45 plasser	60 plasser
11. Rjukan vgs	Vg2 Helsearbeidarfag	15 plasser	0 plasser

- Justert opp ein klasse på grunn av søkjartal.
- Justert opp ein klasse på grunn av søkjartal.
- Tilbodet blir ikkje foreslått starta ut i frå søkjartal. Det er ein for stor pedagogisk risiko med berre 3 elevar. Dessutan er det slik at dei fleste innan Vg2 helse og oppvekst, har plan om påbygg vg3.
- Det er ledig kapasitet på både Bamble vgs og Porsgrunn vgs tilsvarande ein klasse. Det blir foreslått ned ein klasse på Porsgrunn. Bamble er meir sårbar om ein reduserte der til berre ein klasse.
- Justerer talet plassar opp med ein klasse på grunn av søkjartal og at det er vanskeleg å finne plass på deira andre val.
- Intern justering av talet på plassar. Opp ein klasse på ordinær vg1 og starte ikkje vg1 studiespesialisering med IT.
- Tilbodet blir starta ut i frå søkjartal.
- Justerer ned ein klasse på grunn av søkjartal.
- Inneverande skuleår vart det oppretta ein ekstra klasse. Det er behov for å føre denne vidare. For å halde oppe eit lite handlingsrom på Hjalmar Johansen vgs og for å nytte kapasitetsnedgang på Porsgrunn vgs blir det foreslått at ein vg3 påbygg klasse for skuleåret 2025-2026 blir gjennomført på Porsgrunn vgs. Dette vil også kunne bidra til noko mindre busstransport i Grenland. I vedlegget kjem dette fram samla på Hjalmar Johansen vgs, sidan ingen har kunna søkje tilbodet på Porsgrunn vgs.
- Justerer talet på plassar på grunn av søkjartal. Inga endring i klassetal.
- Tilbodet blir ikkje foreslått starta ut i frå søkjartal. Det er ein for stor pedagogisk risiko med berre 3 elevar. Dessutan er det slik at dei fleste innan Vg2 helse og oppvekst, har plan om påbygg vg3.

Innan kombiløpet (minoritetsspråklege) blir det 20 elevar i klassane og her må vi også ta høgde for at det kjem til elevar i løpet av våren og utover i skuleåret.

I tillegg til våre eigene tilbod, kjøpar Telemark fylkeskommune 3 plassar på Vg2 Maritime fag og 2 plassar på Vg3 Maritim Elektrikar ved Færder vidaregåande skole. Desse plassane blir fordelte mellom fleire fylke. Til skuleåret 2025/2026 har Telemark 20 primærseekjarar til Vg2 Maritime fag og 12 primærseekjarar til Vg3 Maritim Elektrikar. Seekjarane er med i inntaket vårt den 7. juli, der dei konkurrerer om dei kjøpte plassane.

Vedlegg: 7. testinntak 13-3-25